



ER REDRING REDNINGEN?

Redring er verdens første og einaste spesialutvikla optiske siktemiddel for hagleskyting! Vi har testa.

Mitt første møte med Redring var på Nordiske jakt og fiskedagar, der eg vart lova å få Redring til fuglejakta sist haust. Planen var å testskyte, men aller mest å få jakterfaring med Redring. Men ikkje alt går etter planen, og at nye produkt i jakt- og våpenbransjen er forsinka er slett ikkje uvanleg. Oppfinnaren av Redring er P-O Østergren, vel kjent blant nordiske jegerar og skytterar.

Nå fekk eg den første Redring

sist i januar, dermed var det bare å spa fram leirdukekastaren for testskyting.

Enkelt sagt er Redring eit optisk sikte med opplyst siktemiddel. Men i motsetning til kjente sikte som Aimpoint, er det ikkje raudpunkt i Redring, men som namnet seier, ein raud ring.

På 20 meter skal ringen ha ca 60 cm diameter – omtrent som haglsvermen frå kvart trangboring på samme avstand.

Redring er parallaxsefritt og det ein ser i ringen er bildet av målet. Alle kan skyte med begge auger opne, siktebildet skal vere rett om sikteauga er ledernauga eller ikkje. Når ringen ligg rett i forhold til målet er det treff.

Den gamle diskusjonen om sikting eller ikkje, er sjølvsagt stadig aktuell for hagleskytterar. Men ein ting som ikkje alltid er like enkelt, er å lære nybyrjarar at sjolv om hagleskyting er peking, må ein ha styring på

munning/korn for å treffe. Med Redring skal ein blunde lenge for å ikkje sjå kvar ringen er i forhold til målet.

Haglepuristen vil nok meine at optikk på hagle er helligbrode. I alle fall til han har prøva Redring... Rifleskytteren som strevar med hagltreff vil nok finne at Redring løyser ein del av mysteria med hagleskyting.

Det er enkelt å sjå kvar ring og mål er når skotet går. Og for jegerprøveinstruktørar og andre



Redring er ikkje spesielt stor eller tung, men likevel eit framdelement på smekker hagle.

som skal innvie nybyrjarar i haglskytingas edle kunst, er det mykje meir konkret å forklare korleis den oransje skal ligge i forhold til raudringen enn å forklare sammenhengen mellom leirdue, korn/munning, auga og anlegg på kolben.

Med Redring er det så enkelt at der raudringen er – der vil haglsvermen ende etter avtrekk. Så er sjølvsagt skråduer og sideskot ein annan sak. Men der og kan ringen vere til hjelp. Den viser kor mykje ein er framfor dua. Sjolv om rifleskytteren nok treng litt øving for å ikkje sikte midt på skråduer.

Så til testskyting. Med Redring på Remington 11-87 ladd med Gyttorp Steel Max var det bare å sparke dei oransje ut i lause lufta. Med Redring på Remington-halvautoen vart 23 av 25 knusa. Dei to som berga seg var skikkelege skeineduer der avtrekket kom i det den oransje var inne i raudringen. Som kjent gjev ikkje det treff...

Mitt inntrykk er at det er svært enkelt å sjå om målbildet eller siktebildet er rett med Redring på hagla, det er nær sagt innlysande. Eg siktar nok meir med Redring på hagla enn utan, men nettopp dette er nok enklare å utføre, og ikkje minst å forklare til den som ikkje har erfaring med hagleskyting.

Korrekt utført anlegg og

kolbetilpassing er nok heller ikkje like viktig med Redring på hagla.


Automatisk av etter fire timar er ikkje praktisk for eit jaksikte, det er ikkje enkelt å halde styr på klokka når ein jaktar. Åtte timar eller meir ville vere betre etter mitt syn. Men dette er nok for å spare batteri.

Som kjent er det vel bare Aimpoint som har knekt koden om batterilevetid, Redring er vel i klasse med dei fleste kikkert-sikte med raudpunkt. Men 300 timar er vel nok til eit jaktår for dei aller fleste. Å skifte batteri kunne nok og vere enklare enn det er på Redring.

Forresten måtte eg også prøve å skyte med Redring avslått. Det var ingen problem å treffe rettfram-duer – bare legg den oransje midt i ramma som Redring er i synsfeltet – og dei gjekk i knas.

Det er vanskeleg å spå, særleg om framtida. Mitt tips er likevel at Redring vil vere eit av dei mest omtala og omdiskutera produkta i år, og mange vil prøve å forenkla hagleskytinga med optisk siktemiddel.

For min eigen del er eg sikker på at eg vil skaffe meg Redring for jakta komande haust, for å få prøva det i praksis. Både reint skytemessig og om Redring toler haustens vekslende forhold. ●



Litt blått er det i denne første Redring, utan at det betyr noko for skytinga. Verre er automatisk av med raudringen etter 4 timar.



Redring

- Raud ring rundt målet
 - Batterilevetid, auto av etter fire timar.
 - Optisk sikte for hagle
- Pris:** 6390 kroner
Materiale: Aluminium
Vekt: Utan feste 134 gram, med feste 192 gram
Lengde: 134 mm
Bredde: 44 mm
Høgde: 33,6 mm over skinne
Anmerking: Feste for skinnbredder 5–11,5 mm. Batteri AAAA, driftstid ca 300 timar. Automatisk lysjustering. Ringdiameter ca 60 cm på 20 meter. Automatisk av etter fire timar.
Importør: Norma AS, tlf. 22 07 13 00